


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 5 MAI 1981 31. årgang




## 17. mai

**Eg levde mellom berg og knaus**
**som barn i tronge kår**
**eg vaksen vart og reiv meg laus**
**for vide mange år.**
**Men alltid når mitt harde land**
**steig opp med fjellom blå,**
**eg kjende det i bringa brann.**
**Glad laut eg gråta då.**

**Her inne mellom berg og ur**
**vår vesle stove stod.**
**Vel var det ringt det litle bur;**
**men lell er heime god.**
**Her far og mor sin hugnad fann**
**og sleit og strevde vel.**
**I trufast strev for dette land**
**eg og vil vera sæl.**

**Mitt land!**
**Eg gjev med hugheilt mod**
**alt det som heiter mitt!**
**Min sveitte og mitt friske blod,**
**sjå det er allting ditt!**
**Så sælt eingong for sliten mann**
**å sova i di jord.**
**Gud evig signe Noregs land!**
**Det er mitt siste ord.**

**Anders Hovden**

*Grunnlovsdag*

## «Norske mann i hus og hytte»

**I det første nummer av Fjell-Ljom etter frigjøringa i 1945 skrev Johan Falkberget denne artikkel under titelen: «Norske mann i hus og hytte».**

— Det var et av de skjendigste dramaer i verdenshistorien, da det stortyske riket med sine hærer og krigsmaskiner overfalt Norge. Landet som i kultur og ånd var blitt et nytt Hellas. Et land under polarsirkelen, der folket gjennom arbeid og slit hadde nådd fram til å bli et av de fremste kulturland i verden. Rettferdigheten er stundom sen i vendingen. Den handler ut fra en lov vi ikke kjenner. I de verste trengsler, i de hardeste prøvelser begynte vi som det landflyktige Israel å tvile på den. Det er menneskeliv. Vi skjønner no at «den seine rettferd» for vår skyld ble nødt til å flytte merkesteinene langt fram. Prøvelsene gjaldt ikke bare å styrke vår tro og karakter for en festdag eller to. Vi måtte få en sinnets rustning som holder i selve livets lange strid.

I den «saganatt» vi kom inn i, hadde vi to sikre ankergrunner. Den første var selve klippen i vår kristne bekjennelse at den som blir tro og aldri viker bort fra **sannhetens veg** skal seire i «Guds time».

**Gud er Gud om alle land lå øde,**
**Gud er Gud om alle mann var døde.**

Den annen ankergrunn var Norges grunnlov. I nød og trengsel ble den skapt. Da som no var det spørsmål om Harald og Olavs rike skulle bestå eller gå tilgrunne. Den holdt i 1814 og 1905. Og den holdt også no. Noregs grunnlov har båret landet gjennom den siste og største fare «så vi vant vår rett». I sannhet, Norges grunnlov har avlagt jernbyrd. Et lite folks lov! Den rokkedes ikke da Hitler-Tysklands lovgivning ramlet i grus. Hva er så hemmeligheten ved Norges grunnlov? Jo, at den er reist på den enkle moralske regel at **rett og sannhet er den bærende bjelke i folkets liv. En broderskapets lov!**

Hellig og ukrenkelig for tanken! Den er sannhetens og rettferdighetens manifest innenfor rikets grenser. Det manifest ble krenket av en fremmed makt, som i sitt stormannsvidd mente seg sterk nok til å slå det ned med sverd. Den samme makt må i dag smertelig erkjenne den evige sannhet i Kristi ord da han gikk til Golgata for å korsfestes: **«Den som griper til sverd skal omkomme ved sverd!»**

Det ble sagt for 2000 år siden uten at en tøddel er blitt svekket. Fredsfyrsten holder den fane i sin hånd alle fredens venner har stått under og må stå under til det siste sverd er brakt ut av verden. Vår første smerte i trengslens time var at en del karierebanditter for egen vinnings skyld svek grunnloven og stillet seg inn i fiendens og overfallsmennenes rekker — der de mer i handling enn ord erklærte Norges forfatning åpen kamp. Vi måtte kjempe med to fiender — okkupanten på den ene siden, grunnlovssikerne og angiverne på den andre siden, dertil kom den nedrektige hop som gikk avsted og solgte sin førstefødselsrett for en rett linser.

## Orkdal menighet

### Guttelaget «Lysglimt»

og dei to arbeidslaga for Aksjon Misjonshøgskolen» heldt basar i Megården bedehus først i april. Mange kom, og det vart god omsetnad på varene, sponkorger, soplimar, kaker og anna. Georg Malum heldt andakt, Liv og Randi gledde oss med song om musikk. Det kom inn i alt kr. 4900,— til nybygget på Misjonshøgskolen. Fint resultat.

*-r -t.*

### 1ste Fannrem KFUM

har starta opp med eiga avis. Den heiter: ««Speider-hilsen» og skal koma ut med 4 nr. i året. I åpningsnummret kan vi m.a. lesa at Fannremspeidarane samla inn kr. 5262,— den 9. mars (All verdens gutters dag) til internasjonalt hjelpearbeid. Videre kan vi lesa at det 19 - 21 juni blir leir i Husdalen.

### Geitastrand menighet

den 4.6. kl. blir det eit kombinert menighetens årsfest og konfirmantfest i Ofstad bedehus. Dit inviteres årets konfirmanter og jubilerende konfirmanter. De som blei konfirmert i åra 1942 - 1946, fekk dengongen ikkje noko testamente - da slike ikkje var å få. På årsfesten må de koma — så skal testamenter bli overlevert.

---

## Orkland menighet

### Vatning av kyrkjegarden

Også denne sommaren vert det vatning av alle blomsterplantingane ved kvar einaste grav på Moe kyrkjegard. Ein del av avkastinga på Marit Årlivolds legat blir brukt til dette. Vi er veldig glad for at Soknerådet har fått istand dette, og det er i sanning ein stor fordel for dei mange som kanskje rett ofte må køyre lang veg for å vatne graver. Om det vert aldri så tørt, så treng ingen ottast for at blomane tørkar bort.

### Misjonsmøte

Mandag 25. mai kl. 20.00 hos Jens Indergård.

### Kyrkjekonsert

Andre pinsedag, 8. juni, kl. 20.00: Kirsti og Helge Birkeland kjem til Moe kyrkje med sangprogrammet: «Fra skapelsen til paradis.» Eg tør love deg ei stor oppleving i kyrkja gjennom sang., deklamasjon og musikk ved Tor Strand frå Tingvoll. Orkland Mannskor vil og delta i denne konserten. Andakt v. Slettahjell.

### Eldreturen

Denne forsommaren går eldreturen vår til Ørlandet og Rissa. Vi startar frå Hoston fredag 29. mai kl. 08.00. Reiser vidare frå Svorkmo kl. 08.30 og køyrer om Monset, Solbu og direkte til Fannrem på Nordsida av elva. I Selva tek vi formiddagskaffe. På Ørlandet vil vi spesielt sjå på Austrått og har bestilt omvisning der. Middagen tek vi på I.M.I. pensjonat i Bjugn. Vi tek ein titt på rasstaden i Rissa og får omvisning i Rein kloster og Rein kirke der res. kap. Hove vil halde andakt. Vi reknar med å vere attende mellom 19 - 20 om kvelden. Påmelding til Rannveig Tronvoll, tlf. 84 123.

### Barnas Misjonsdagar

Også dette året vil vi lage til Barnas Misjonsdager i Orkland Menighet. Misjonær Kitty Mæhre blir her i 2 dagar og vil besøke skoleklassene på Årlivoll skole. Dessuten kjem det 2 førskolelærere som vil være på Årlivoll skole i 2 dagar og lage forskjellige ting sammen med elevene. Det blir sang, montering av plansjer, opptrinn osv. Alt dette skal vi få sjå og høre på familiegudstenesta Kristi himmelfartsdag, torsdag 28. mai i Moe kyrkje. I gudstenesta vert det også speiderinnvıing. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe med ymse innslag på Misjonshuset.

### Familiedugnad på Tjønnåsen

Speiderleirstedet vårt treng ein skikkeleg dugnadsinnsats. Vi treng å få skifta vindua i første etasje. Dessutan bør det gamle uthuset rivast og det bør settast opp eit mindre skur, der vi kan oppbevare veden.

Helga 12. - 14. juni skal meisene med foreldre ha leir på Tjønnåsen. Laurdag 13. juni planlegg vi da ein større dugnad som vert avslutta med bålkveld med underhaldning av ymse slag. Foreldre, meld dykk til Jostein Dalen, telef. 84183 om at de blir med på dugnaden.

### St.Hansfeiring på Svorkmo

Tirsdag 23. juni blir det Santhansfeiring på skoleplassen på Svokmo arrangert av Orkland Menighets Familieutvalg. I år får vi barnetimeonkelen Helge Sverre Nesheim som den store gjesten. Dessutan vert Orkanger Juniorkorps med. Som i fjor vil vi også prøve å få til eit lokalt humoristisk innslag. Det vert servering fra kafeteriaen på Samfunnshuset. Båltenning og andakt. Vi starter opp kl. 18.00.

### Misjonsmøte

Mandag 22. juni kl. 20.00 i hytta til Marta og John Fagerli.

### Røddemøte

Tirsdag 9. juni kl. 20.00 i hytta til Ragna og Brage Fagerli.

---

### FAMILIESAMLING på Søvasskjølen Fjellkirke, pinseaften 6. juni kl. 18.00.

Pinseaften samles vi til pinsebål, leik og hyggelig samvær på Fjellkirka.

Orkdal Ungdomskor deltar, og lektor ved KVT, Steinar Torvaldsen holder andakt. Det blir forfriskninger å få kjøpt.


**SKOTØY**
for hele familien.

**Ingv. Solbu eftf.**
Orkedalsveien 71
7300 Orkanger



*Orkanger Ur og Optikk*
Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195





**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør:
**Kaare Rogstad**
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.


# Et 95 årsminne

Den 17. mai 1886 ble det holdt en stor 17. mai-fest for «Gjetestranden» på gården Bjørnbet. Et utførlig referat av festen finner vi i «Tiden» — frisindet blad for Trondhjem og Trønderlagen» for 1ste juni 1886. Kanskje kan det være nyttig for vår tid å få høre hvordan en 17maitale for snart 100 år siden ble holdt. Under denne festen ble det også overlevert et stort norsk flagg som gave til bygda fra utflyttede geitastrandinger i Omaha i USA. Brevet som fulgte gaven tar vi også med. Når det gjelder dette flagget ble det i mange år oppbevart hos Arnt Haugen (bror til en av giverne Ole L. Haugen). Arnt Haugen døde i 1938 og en datter av ham Marit, fikk med seg flagget ved delingen. Hun døde ugift i Trondheim i 1960 og nå vet ingen hvor flagget kan være. Dessverre.

*k. r.*

Festen holdtes på gården Bjørnbet under særdeles gunstigt veir. En festlig, kvik stemning var rådende blandt deltagerne. En af de tilstedeværende talte følgende ord for anledningen:

Norske mænd og kvinder!

«Hvorfor er vi forsamlet her idag, og ikke alene vi her i denne kreds, men i enhver by og bygd rundt hele Norges land — mænd og kvinder, gamle og unge? Det er jo idag 17de mai, frihedsdagen, den dag, der i betydning måske ikke engang står tilbage for hin mindeværdige og i vort lands historie mærkeligste dag, da for mere end tusinde år tilbage Hafursfjordens strande var vidne til, at den sidste rest af småkongeherredømmets indehaver måtte bide i græsset for at skaffe vei for frihedens første morgenrøde for vort gamle Norge. Det var «da» at en frihedens forkjæmper første gang heroppe fik se mangeårige kampe og strabadser under savn og lidelser kronet med seier, — det var «da», at «grundstenen» blev lagt til det hus, hvorpå vi fremdeles kan bygge — en gnist, som derved sænkede sig ned i Nordmændenes hjerter, hvor den — trods århundreders trælagtig underkuelse — dog ulemnde og udbredte sig, indtil den endelig efter 900 år, som en klar flamme brød frem den 17de mai 1814. Grundstenen var lagt, men forfatningen blev først da til virkelighed. Først da var nationen moden nok til at kunne bære navnet: «Et frit folk». Men det var igjennem trængsler, de måtte modnes; det var derigjennem, man først ligesom kunne komme til bevidsthed; man følte, det var tungt at gå længere under åget; det vagtes en længsel efter noget bedre — noget friere end at være i lydfolk, at være trælle under en anden krone. Da var det — idag 72 år tilbage — at vort lands kårne mænd forste gang samledes i ly bag Eidsvolds grønne lunde og satte kronen på frihedsværket — gav os en egen grundlov. Det var med denne kost, gamle Norge skulde feies rent igjen. Det var så meget urent, så meget skiddent, som endnu hang ved fra det gamle vælde; det måtte bort, men det kræde tid. De gamle vaner vilde så gjerne klæbe ved, om det end var uvaner.

I 72 år nu altså har den norske nation hvilet så lunt bag dette Eidsvoldsfoster. I fred og ro har siden den dag den norske mand og kvinde kunnet sysle med sit, hver efter sin stand og stilling. Lysten har vokset; thi hvad man har syslet med, har været ens eget. Oplysning og fremskridt på alle områder har fremkaldt følelsen af, at man har noget skjønt, noget ædelt, et mål at kjæmpe for. Enhver, der elsker sit fædreland og har sit folk kjært, kan ikke andet end glæde sig over og føle sig ophøiet ved tanken om; at oplysningen ved en let adgang til skoler begynder at sprede sine røde morgenstråler hen over beboerne af vort lands tusinder af dale, klipper og skjær. Er det ikke opløftende at erfare den stedse tiltagende trang efter at få kige op af den dvale, eller om jeg skal sige søvn, hvori vore stakkelse fædre er blevne dyssede efter en over firehundreårig underkuelse af fremmede tyranner for påny at kjæmpe sig frem til frihed og selvstændighed — lig en funklende stjerne fra nordens golde luftninger at smile mod sydens brogede vrimmel. Vi lever under kolde luftninger, men nordmandens hjærte skal dog banke med varme i det frie bryst, når det gjælder at værne om den skat, om hva tilblivelse vi idag feirer et minde; for den ofrer vi som sande fædrelandsvenner den kraft, vi eier i vore arne — til dens fordel bruger vi de gaver, vore skoler, — oplysningens arnested — har skjænket os til arv. *Men idet vi nu står og taler om dette, skal vi heller ikke glemme at sende en tanke hen til vore venner og landsmænd hinsides verdenshavet. Vi har såmeget mere grunde dertil, som vi netop af dem fremmane for vore blikke et skjønt billede af, hvad fædrelandskjærligheden kan udrette. Det er dem, som har været villige nok til ligesom at lægge en rose til vor fests høitidelighed, idet de til fælles brug har skjænket os dette prægtige flag, som nu vaier over vore hoveder.* Men endnu en ting; Kanske også derover netop i dette øieblik festsmykket er samlede under hine farver og gjennom de velkjendte toners brusen sender os sin hilsen og ligesom vil stemme sammen med os i et hjertelig: «Ja, vi elsker dette landet». Lad os derfor heller ikke glemme dem, men sende en hilsen tilbage; thi vi har al grund dertil. Idet vi nu sender vor fælles og velmente tak for flaget og derpå vende tanken til vor egen fest, vil vi samle os og drikke en skål for fædrelandet og 17de mai 1814. Hurra» o.s.v.

Tiden tilbragtes forøvrigt ved sang og lege til langt ud på nat. Kl. 9 om aftenen gik man i prossession til Indal. Den mand, som bar det store «rene flag», vi fik, havde nok med at holde ballancen; thi brisen bøiene det dygtig ud fra stangen. Der blev udbragt skåler for Eidsvoldmændene og for vore venner hinsides havet. Derpå et hurra for det nye flag samt endelig et leve, gamle Norge! hurra.»

I ærbødighed

*Peter Meland. Arnt Haugnes.*

*Lars Bjørnbet.*

Forts. s. 6

# Inntrykk frå 90 dagar på Modum

Ei kort beretning frå 90 intense dagar på Modum. — Kvar skal ein starte og kvar skal ein slutte? Inntrykka er så mange og overveldande. Hadde ein hatt evner som forfattar, kunne det sikkert vorte ei stor bok utav det. Men her i kyrkjebladet må ein nok sterkt ty til kunsten å begrense.

Du som har vore på Modum for kortare eller lengre tid kan sanne mine ord når eg seier at berre dette å komme til staden er ei mektig oppleving. Modum Bad er ein stille fredens plett som ligg omkransa av furuskog og fruktbare jorder. Lite område? A nei, 1200 mål tel eigedommen med skog og dyrka mark. Og i dei store skogane snor det seg nesten over alt smale vegar og stigar som fører til den populære utkiksposten «Verdens ende». — Fred og harmoni er stikkorda når det gjeld Modum. For ein terapi det er for knekte menneskesinn å få vere i desse omgivelsane. Og det er forunderleg korleis Gordon Johnsen har makta å plassere og skape personleg stil og harmoni med naturen med dei bygningar han har reist gjennom åra. I dag står der eit sjukehus til 106 pasientar reist av det norske kristenfolk. Og Gordon Johnsens livsverk og kristenfolkets gaver har fått hjelpe tusenvis til ei ny framtid.

Eg må innrømme: Personalet imponerte meg. Dei over 100 som er ansatt ytte minst 100 prosent innsats, om ikkje 200 prosent innsats i mange tilfelle for å hjelpe fortvilte menneske ut frå mørket til lyset. Kor underleg det var å sjå dei mange som fekk hjelp. Mange av dei som kjem til Modum har på ein eller annan måte fått eit feilskjær i det miljø dei vaks opp i som barn og ungdom. Ofte går terapien ut på at dei vert hjelpte av ein terapeut til å komme bakover i livet for å finne feilskjæret og på den måten starte på nytt.

Nettopp fordi feilskjæra så ofte i våre personlegdomar kjem i barneåra og set sitt preg på heile livet vårt, så er det viktig at hjelpa allerede på den tid vert sett inn. — I den samanheng finnst det på Modum ei avdeling det ikkje er maken til i heile landet: Familieavdeling. Den består av eit større administrasjonsbygg og samleis arbeidsstuer, barnehage og skole.

Hit kjem det familiar der eine ektefellen kanskje slit med veldig vonde ting i sitt kjensleliv som vedkomande ikkje maktar å komme ut av. Da kan det svært ofte vere viktig at heile familien er saman om å hjelpe den eine. Ein annan ting er dette at ikkje så skjeldan viser det seg gjennom behandlinga at kanskje den som virkar frisk, kan vere den sjukaste i familien og kanskje forårsaker den andres sjukdom.

No treng det ikkje nødvendigvis å vere store lidinga, kanskje det kan vere berre sterke spenningar som har bygd seg opp mellom ektefellane som dei ikkje maktar å løyse. Eller spenningar mellom ektefellane og barna. Spenningar som kan skape uheldige utviklingar hos barna. Personleg fekk eg den store oppleving å vere plassert nettopp i behandlingsteamet på familieavdelinga. Det gav meg rikeleg av kunnskap som eg trur kan bli til stor hjelp som menighetsprest.

Men det var da sjelesorgkurs eg var på. Er dette sjelesorg da? Ja, også dette er ein særs viktig del av sjelesorga. Samtidig er det svært viktig å kunne skille mellom psykiatri og sjelesorg. Ikkje minst er kursopplegget lagt opp til det.

Men aller først vil eg seie. Sjelesorgkursa på Modum er svært populære blant prestar både i Norge og andre land. Ventelista er lang og berre ein liten del av dei som søkjer kjem inn. Desto større var gleda over å vere mellom dei heldige.

Som ein liten oase for seg sjølv på 40 dekar ligg Sjelesorginstituttet på Modumeigedommen. Sjelesorginstituttet bær egentleg namnet etter Einar Lundeby, fordi det er ei vidareføring av hans kvileheim på Jevnaker. — Hit til Sjelesorginstituttet kjem det årleg 10 prestar eller andre kyrkjelege ansatte for kurs i 3 mnd. Forutan desse kursa er deet helgakurs jamleg. Og i påska og store delar av sommaren er der sjelesorgveker der alle menneske er velkomne som deltakarar.

Kva går prestekursa ut på?

Ein god del tid går med til å vere saman med pasientane i arbeidsstuene for å lære problema deira å kjenne. Dessutan er prestane med i alle drøftingar av pasientanes sjukdom. Og han er avdelingas sjelesørgar. Parallelt med dette er der undervisningstimar i psykiatri, samtaleteknikk og fleire andre felt. Viktig er timane der vi berører svært vanskelege sjelesøreriske område. Men ikkje minst viktig er prosessen som skal foregå med presten sjølv desse 12 vekene. Han skal komme nærare djupnene i seg sjølv og sine medmenneske. Dette vert for alle ein ganske smertefull prosess der ein nok får oppleve å sjå seg sjølv på ein ny måte. Han vert klart konfrontert med korleis andre menneske oppfattar han. Måten å vere på, tale på, ytre kjensler på osv. Dette skjer i timar som vi kallar gruppedynamikk. I løpet av 50 - 60 timar skjer det veldige ting i personlegdomen til dei fleste. Det vert ei forunderleg oppdagingsferd inni seg sjølv og sitt eige kjensleliv. Kvifor nettop dette? — Vegen til å forstå djupnene i andre menneske går alltid om ein sjølv. Ein får ikkje så lite hjelp til å titte bak si eiga maske, og på den måten også kunnelettare sjå bak fasaden hos sine medmenneske slik at ein betre kan vere dei til hjelp.

Men midt i denne sterke prosess så står det overordna målet klart. Vi skal hjelpast fram til å nå menneske på ein best muleg måte med budskapet om Guds frelse. Og da må vi ikkje gløyme den vakre åttekanta Olavskirka som står der med sitt høge spir i furuskogen på Modum. Kvar kursprest held gudstenester kvar sin torsdagskveld utover kurset. Her opplever vi rike møter med Gud saman med pasientar, terapeuter, og andre ansatte. Etter gudstenestene samlast prestane for å samtale grundig om kveldens gudsténeste. Det er og ein sterk og kanskje smertefull læringsprosess for presten. Forkynner og budskapet på ein slik måte at det ikkje når fram? Brukar eg ord som ikkje alminnelege menneske forstår? Har eg fakter på preikestolen som kyrkjelyden vert forstyrra over. Forkynner eg klart Gudsordet? osv. — Presten er forvaltar på ein spesiell måte i Guds rike, derfor er det viktig at han ser å forvalte rett. La desse spredte inntrykk fra den store inntrykksmassen vere helsinga til menighetene i Orkdal fra ein takksam kursprest.

*Bertel Aasen*

———

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.



**SØLVVARER**
til
**BARNEDAP BRYLLUP**
**KONFIRMASJON**
Gullsmed
John RØHME
7300 Orkanger

Bestill time for fotografering.
Fotograf J. Sødahl
Tlf. 80259
Orkanger

Helårs-
trim
SPORT
A. Todal's Eftf.
Tlf. 80 278
Orkanger.

# 14. P. Asphjell fortel frå krigstida

MØTE MED INNFØDDE.

Ei tid arbeidde laget vårt på ein stad kalla Altendorf. Me dreiv med støyping, og eg trilla dagstøtt sementmaterial etter ein veg der. På desse turane la eg ofte merke til ei kone som fór og såg om ein stor sau som ho hadde tjora på ein grasvoll nede ved elva. Vaktene sa det var ein «Milchschaf», det vil segja ein mjølkesau. Ho hadde han faktisk for mjølka. Det var vel og ein måte å skaffe seg kaffefløyte på. Det var ei eldre tilforlateleg kone i stakk og forkle og hårtopp i nakken. Ho såg meg jamen ut som ei ekte norsk bondekone. Ein dag ho kryssa vegen min, bar ho nokre løkar i handa, så ho pusla nok med litt hagestell og. Eg sette frå meg trillebåra, helsa, og spurte om det kanskje var mogleg å få handle litt løk av ho. Eg såg vel at det ikkje var nokor «tobak-kjerring», men eg fortalteat eg kunne gje sigarettar i bytte. Eg meinte ho kunne vera interessert i gangbar handelsvare. Kona var som ho såg ut til ho. Godlidandes og venleg. Hadde ho berre hatt litt meire for handa, skulle det ha ordna seg med ein gong, men dette skulle ho nok ha i sin eigen middagsmat. Dagen etter vart eg var ho borte i ein villahage. Der hadde ho heimen sin. Eg var ikkje under oppsyn, så eg sette frå meg lasset og skunda meg inn i hagen. Ho gjekk millom pæretrea og såg etter nedfallsfrukt. Eg sa frå at her hadde eg røyken, om ho hadde løk. Ho sto med ei fin pære i handa. Ho bad meg bli med inn, så skulle det bli ei råd. Medan ho sa frå om dette, skaffa ho meg pæra. Ho gjorde det så sjølsagt og naturleg, mest som i andre tankar. A bli møtt med slik ein menneskeleg godhug, fekk meg mest på gråten. Eg vart med ho inn i det vesle kjøkenet. Ho smatt ned i ei kjellarluke, og oppatt kom ho med ein god slump løk. Det var såvidt ho samla i båe handloven. Eg sto klar med betalinga, men nei, det var ikkje meininga. Det var ei gåve. Eg tenkte ofte på denne kona etter eg kom heim, og det vart fred. Hadde eg berre visst namn og adresse, skulle eg så gjerne ha sendt henne ein godbit av eitt eller anna slag til vederlag for den godhug ho synte.

Ein annan gong vart eg sett til å grave ei kloakkgrøft. Ho gjekk gjenom ein villahage. Det hadde nyleg vorte hausta gulrot, nepe, løk og anna slag grønsaker der. Det fans ein liten etterhaust der eg grov, så eg plukka opp små vekster og stakk i lomma. Det gjekk ei kone ut og inn der óg. Ho var yngre, og såg meir brysk ut, men eg våga meg til å slå frampå om ein liknande handel med ho óg. Ho verka ikkje serleg venleg, men det hørtes ut som ho tenkte å hente eitkvart da ho gjekk inn. Etter ei stund kom ho att. Ho såg olmt på meg, og sa frå at ho hadde slett ikkje lov til å gje mat til fangar, ho. Men ho kunne ta sigarettane sa ho. Ho trudde nok at eg hadde fått dei på uærleg vis, og at ho såleis kunne skreme meg til å gi dei frå meg. Eg hadde ingen otte i den lei, så eg svara berre stutt: «Kein Essen, Keine Sigaretten». Eg såg ikkje ho meir.

I Hattingen vart eg kjent med ein gutunge på tolv-tretten år. Det var smått om hjelp, så slike karer vart og sett til arbeid. Guten, Willi, hadde jobben med å sette merkelapper på godsvognene. Eg hadde ofte ein prat med han når han fór langs dei lange vognrekkene med lappane sine. Han tykte nok det var moro å snakke med ein utlending langt oppe frå pol-landet Norge som han hadde hørt om på skulen. Han hadde somme gonger med ei brødskive eller to til meg. Det var kjærkome for meg, og eg var svært takksam, men eg veit dei hadde ikkje så mykje å hjelpe seg med sjølv heller.

Framhald

———

**OM OFFRING UNDER HØGMESSENE**

Ein «løft på røret» røyst er nok dårleg orientert når han/ho besværer seg over offring under konfirmasjonsgudstenesten. Høgmesseliturgien er fastsett ved kongelig resolusjon for snart fire år sidan og er følgeleg ikkje noko prestane har funne på. Liturgien har offer som fast lekk i kvar høgmesse. Det er opp åt kvar og ein om ein vil offra.

———

**Brevet som fulgte flagget og som ble lest opp på festen.**

## 17de mai på Gjetestranden

Norske mænd og frihedsvenner i «Vesten» har sendt meningsfæller på Gjetestranden nedenstående hilsen ianledning feiringen af 72de frihedsdag, 17de mai 1886:

*Omaha, Neb, 19. ap. 1886.*
*Til*
Gjetestrandens venstres 17de mai-møde.

Vi brødre, frihedsvenner i det fjerne «Vesten», sender Eder vor lykønskning til affeiring af den 72de års frihedsdag i det gamle Norge, vort kjære fødeland. Omendskjønt vi for lang tid siden er flyttet fra vor hjemlige hytte, moder gamle Norge, er dog fædrelandskjærligheden ikke død, men brænder lige varmt, og I må ikke tro andet, end vi har fulgt Eder med spendt opmærksomhed hele tiden. Vi har iagttaget den politiske bevægelse fra dens begyndelse og lige til nu, og det glæder os meget at høre, at frihedspartiet har optaget sagen med ro og forsigtighed og endog gået af med seiren for frihed og lighed, som vore forfædre stred for i 1814, da de havde ligget under det danske overherredømme i 400 år. Det var vist en hård prøve for dem under kampen; men de brugte det gode våben, derfor seirede de. Men om de endog har gået af med seiren, vil vi dog, om vi er langt bortfjærnet, lægge Eder på minde, at I *står på post og værner om friheden*, det er vort fælles oprigtige ønske her i Omaha. — Friskt mod, gutter! også vi deler Eders anskuelser, og det vil være vor lyst om muligt at kunne træde støttende til, om det nogensinde i kampens hede kunne bli Eder for svært. Alle Nordmænd her i Omaha er venstremænd.

Tilslut ønske vi Eder til lykke med dagen.

*Elling A. Husdal. Ole A. Haugnæs.*
*Anders O. Haugnæs. Lars J. Husdal.*
*H. P. Blomberg. Sivert E. Isdal.*
*Martinus Erikson. Ole L. Haugnæs.*
*Leve Norge! hurra!!*

---

## Orkanger menighet

**17. mai**
blir det som vanlig familiefest i Orkanger bedehus. Vi begynner kl. 18.00. Anders P. Kvåle holder festtalen. Det blir diktlesning og sang av Orkanger familiemusikklag. Leker og konkurranser. Andakt. Bevertning. Små og store er velkommen.

**Eldres kirkedag**
Kristi Himmelfarts dag. Gudstjeneste med kirkekaffe i bedehuset.

**Eldretur til Mjuklia**
Turen går fra Fearny plass på Orkanger torsdag 4. juni kl. 9.30. På Mjuklia spiser vi middag og drikker kaffe. Det blir også god tid til å se seg litt om og hygge seg. På turen heim stanser vi ved Rennebu kirke og ser på den. Vi får også høre litt om kirkens historie. Vi regner med å være tilbake på Orkanger ca. kl. 19. Turen er gratis men hver enkelt må betale for serveringen. Påmelding innen 25.5. til Ann-Elin Slettahjell, Bergljot Asbjørnslett eller Ellen Antonsen.

---

**HELGAVAKT**
**13. - 14. juni Slettahjell tlf. 80589**
**20. - 21. juni Rogstad tlf. 82142**
**27. - 28. juni Aasen tlf. 84188**

**PRESTEKONTORET,**
**Bårdshaug**
åpent tirsdag - fredag kl. 10 - 14
Tlf. 80 000
Timebestilling også hjå prestane heime.

---

S ORKLA SAMVIRKELAG
Domus, dagligvareavd.
Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER
Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.
Fotograf Kvarsnes
Plater og musikk-kassetter stort utvalg i gitarer.
Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen
finner De hos
Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Trelast og bygningsartikler på lager.
Gunstige priser
Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Orkanger Gartneri
Orkedalsvegen 10
Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348
Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.

Svorkmo Prenteverk A/S
Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.



# BARNETEIGEN

## Megård Barnehage



Vi holder til midt på «Fannremminn», og vi er 20 glade barn som er på barnehagen to dager i uka. Vi har ikke noen spesialbygd barnehage, men vi koser oss på bedehuset og greier oss med det. Vi har små møbler som passer akkurat til oss, og vi har både en stor og en liten sal som vi får bruke. Den store salen er morsom, for der er det GOD plass. Der kler vi oss ut, leker i famliekroken, bygger, tegner på tavla, leker sangleker og mye mer —. Også må vi huske på stemmen vår når vi er på storsalen, for det er la-ngt oppi taket. Men stemmen vår må vi også passe på i lillesalen, for der er det lesekrok, og *der* skal det være nesten stilt. Og mens noen av oss leser, sitter andre og spiller, bygger lego, tegner, legger puslespill og gjør slike ting som ikke bråker så veldig. Og så har vi samlingsstund hver dag. Da synger vi (av og til så høyt at taket løfter seg —), leser, forteller, og noen ganger har vi besøk av noen teaterdukker som sier mye rart.

Og så bruker vi å gå ut for å få frisk luft ned i posen som vi puster med. Det er sundt, sier Marianne. Da kan vi bruke så høy stemme som vi bare vil, og vi kan skravle såmye vi orker. Vi leker oss mye i snøen om vinteren, men vi gleder oss over at våren er kommet. Da slipper vi alle disse strevsomme klærne, og vi kan hoppe paradis, strikk, leke i sandkassen, sparke ball og alt mulig.

Mamma eller pappa bruker å være med oss på barnehagen om morgenen, og det er de som henter oss også. Men det er Ingvild Dørdal, Mary Heggseth, Marianne, Arve og Elin som er sammen med oss mens vi er i barnehagen. Sønni Dørdal er også med oss av og til, men hun har nå onsdagsgruppa også hun. Vi gleder oss til alle mandagene og torsdagene, for det er barnehagedagene våre. Kanskje du har lyst til å komme på besøk? Velkommen er du!

Hilsen Megård barnehage
*Marianne Dørum Gangås*



---

## To jenter fra Orkdalsmenighetene går på K.V.T. og presenterer her skolen sin

*Gunn I. Langås*
*Bente Høston*




Først av alt vil vi gjerne takke dere for den innsatsen dere har vist når det gjelder KVT. Det er godt å tenke på at det er Gud som står bak denne skolen, og at han vil den skal være en kraftstasjon.

Annenhver uke har vi møter i skolelaget. Det er forholdsvis mange som støtter opp, og vi har hatt noen fine stunder i stillhet om Guds Ord. De ukene vi ikke har lagsmøter, har vi bibelmøter hvor vi er samlet hjemme hos hverandre. Ellers har vi hatt Ungdom i Oppdrag her og Kjell Fjallset har vært her og hatt gospelkonsert.

Til sist vil vi gjerne få sende dere en liten hilsen hver:

Jeg har mange ganger stanset for

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*12.6.*
— Geitastrand k. kl. 13. Skolegudst. v. kalls.kap. Slettahjell.

*14.6. Trieiningssøndag*
— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Prostirådets arbeid.

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen og prost Rogstad. Nattverd. Offer til prostirådets arbeid.

*21.6. 2. s. e. pinse*
— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til sjømannsmisjonen.
— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Offer til prostirådets arbeid.

---

noen vers som står i Matt. 6, 33 - 34. Først av alt skal vi søke Guds rike så skal vi få alt det andre i tillegg. Det er lett at en gjør så mange andre ting istedet for først å rådføre seg med Guds Ord og Hans vilje, men hvis vi først søker ham skal vi få alt det andre i tillegg. Så står det videre at vi ikke skal bekymre oss for morgendagen, for hver dag har nok med sin egen plage. Jeg har erfart at det er sant. Vi skal få legge alt over på ham som har omsorg for oss. Han er glad i oss og vil oss det beste. Vi har mer enn nok med dagen i dag. La oss derfor glede oss over den og tenke med glede fremover.

*Gunn Ingrid Langås*

---

Jeg har nå snart gått 2 år på KVT, og tida har betydd veldig mye for meg. Selv om det ikke alltid er bare fryd og glede her heller, så vil jeg iallfall si at jeg har hatt og har det fint. Vi har et fint og godt miljø i klassen hvor flertallet er kristne. Og vi har tro på bønn og ber om at enda flere må få se hva Jesus har gjort for oss. Det er flere som i løpet av vinteren har sagt ja til kallet og tatt imot Jesus. «Det er makt i de foldede hender», — står det så fint i en sang, og det er sant!

Jeg vil hilse med et par bibelvers som betyr mye for meg. Hebr. 13, 8: «Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid». Jesus *er* den samme i dag som han alltid har vært. Han forandrer seg ikke selv om vi og verden rundt oss forandrer seg.

Det andre verset er: «Kast på Herren det som tynger deg, han vil sørge for deg!» Salme 55, 23a. Dette står nevnt mange ganger i Bibelen, og det er godt å få legge *alt* over på Herren. Han hjelper i *alle* situasjoner, og han gir oss den styrke og kraft vi behøver.

Jeg vil med dette hilse til både kjente og ukjente. Og jeg ber om at dere fortsatt må huske på oss i bønn. Det skjer store ting på KVT.

Beste hilsen *Bente Høston*

## Gåver til bladet

*Gaver til bladet i mars 1981.*

7300 ORKANGER:
R. A. Solemsløkk 25. Es? 20. Marie Monsen 20. Arvid Larsen 20. Inger Snildal 25. G. J. 50. Berit Semb 30. Ellen Kvernmo 30.

7310 GJØLME:
Serinne Carlsen 50.

7320 FANNREM:
Herbert Hansen 25. Dorthea Sørli 50. Ivar Solem 30. I. og A. Engmann 100. Inga Bysting 50. Kristine Almli 20. Jon H. Eggen 50. Lars Togstad 50. Anton Løvås 50.

7330 SVORKMO:
Olav K. Svorkmo 20. Ingvalda og Bj. Wahl 40. Anton Hongslo 50. Tore Høston 30. Håkon Kværnvik 20. Ingeborg og O. Gumdal 30. Ingebrigt Asbøllmo 30.

UTENBYGDS:
Johan Sødahl, Børsa 50. M. og A. Lefstad, Tr.heim 50. T. og E. Otervik, Hamar 50. Arnulv Øyasæter, Tr.heim 75. Ludvig Hassel, Sandefjord 25. Bjørg Jarstein Skjulsvik, Tr.heim 25. Jarl Kirkaune, Oslo 84.

Gaver i alt i mars *kr. 1273,—* fordelt på 32 innbetalinger. Hjertelig takk.

*Gaver til bladet i april 1981.*

7300 ORKANGER:
Emma Fagerholt 30. Erling Fagerholt 30.

7320 FANNREM:
A. Skålholt 50. Magnar Sommervold 30. Sverre Thomassen 50. Turid og Sivert By 50. Liv E. Frengstad 20. Randi Rindal 25.

7330 SVORKMO:
Johanna Rektorli 25. Ingvalda Wahl 40.

UTENBYGDS:
Tora og M. Bredesen Løkken Verk 50.

Gaver til bladet i april i alt *kr. 400,—* fordelt på 11 innbetalinger. Hjertelig takk.

## Ja, den prosten

Det hendte en sommer at prestegården stod tom i påvente av ny prest. Nabopresten skulle holde et lite øye med tingene, og en dag ringte han til forpakteren for å forhøre seg litt om bærene i hagen.

«Ja, de reiser nok trosten med», svarte forpakteren.

Men telefon er telefon, og det gikk ikke likere til enn at presten syntes forpakteren snakket om **prosten,** ikke **trosten!** Hvorpå følgende samtale utspant seg:

Presten: «Jasså, er det han som reiser med bærene?»

Forpakteren: «Å ja, det er nok det».

Presten forsiktig: «Men har han fått lov til det?»

Forpakteren: «Å, den karen spør ikke mye om lov!»

Presten: «Nei, sier du det? Men du får snakke litt med han.»

Forpakteren: «Det nytter ingenting. Vi prøver å dekke til bærene så godt vi kan, men han kommer seg innunder lell. Og alltid tar han de beste bærene».

Presten: «Dere får prøve å være i hagen når han kommer og snakke med ham.»

Forpakteren: «Ja, du vet han kommer helst om natta, og når vi er oppe, stikker'n av! Han er kjapp slik.»

Presten: «Jeg har da aldri hørt maken. Dette likner da ikke prosten.»

Forpakteren: «Prosten?»

Presten: «Ja, prosten — det er da han du snakker om?

Forpakteren: «Nei langtifra! Jeg snakker om **trosten.** Han er fæl i sommer. — — —.»

---